

Strondgardane og Rusnes



Av Knut Raastad, juli 2023



Strondgardane 1941. Foto frå Sigurd Nestande, Vågå historielags fotoarkiv

Nordpå-Strond, gnr. 135

Etter skattelister 1625 var Erik brukar på Stranden som da var krongods. I 1620 og 1621 skatta han som øygarðsmann. Erik betalte i 1617-18 holding av 1 hud krongods. Året etter betalte han fyrstebygssel av 1 hud av jord ved Kleppe som systema avstod. Erik Stranden gav tredjeårstake av 1 hud i 1623-24, medan han betalte fyrstebygssel av ½ hud i Strand i 1625-26. I 1626-27 var det Erik Stranden som betalte holding av ½ hud i Stranden. I 1632-33 betalte Erik holding av 1 ½ hud krongods. Dette viser at Erik fyrst har betalt for 1 hud i Stranden og at skylda har vorte auka med ½ hud eller at han har bygsla meir jord. I 1633-34 svara Tore Jonsen fyrstebygssel av 1 ½ hud krongods i Stranden som Erik Eriksen har gjeve frå seg for sin fattigdoms skuld, Erik og familien skulle ha føderåd. Skattemanntalet 1634 viser at bonden Erik Stranden har pga. stor naud vore nødt til å dra frå garden og slik at Jon Valde brukte

garden som engeland under sin gard. Skattemanntalet 1635 opplyste at Erik Stranden hadde flytta frå plassen pga. naud og at plassen var ei utvinne for ein annan gard.

I 1636-37 betalte Børge Alffsøn fyrstebygsel av øydegarden Stranden 1 ½ hud som Eldri Valde (mora til Tore?) hadde overlate han.

Avskrift av liste av koppskatten 1645 viser Siffer Strand og hans hustru, men dette kan vera feil.

Arne Jacobsen Løchre betalte i 1644-45 fyrstebygsel av 1 ½ hud krongods og 4 skinn bondegods i Stranden med Rusnes. Skattelister viser Arne som brukar av Stranden 1 ½ hud krongods i 1647, og han er også nemnd i 1655.

Alf Viste betalte i 1642-43 holding av 1 ½ hud 4 skinn, det gjorde han også i 1645-46 og 1653-54. Alf betalte også i åra 1657 til 1661 holding av Stranden 1 ½ hud 4 skinn. Truleg hadde Alf uppigard Viste 3 sønner:

Tosten, til Korstad på Fron

Oluf

Børre, neste brukar

I 1654-55 betalte Børge Viste fyrstebygsel av 1 ½ hud krongods i Stranden og 4 skinn av hans eige som han gav under kongen. Dette kan vera den same som betalte fyrstebygsel i 1637. Det ser ut til at Alf Viste som truleg var faren har overteke, og også overteke på nytt etter 1655. I 1664 var det skifte etter Børge Alfson som da var daud. Han var gift med Sebiør Thoresdotter d.ca.1665 som betalte holding i 1664. Jordebok 1661 viser at Sebor Stranden brukte 1 ½ hud 4 skinn som tilhørde kongen. Også matrikkelen 1668 viser Sebor Stranden som brukar av 1 ½ hud 4 skinn som var krongods, men truleg var registreringa gjordt tidlegare. Sebor og Børge hadde 2 barn:

Oluf f.ca.1651, neste brukar

Johannes

Rittmester Brochdorf kjøpte Stranden av kongen, og på tinget i 1684 vart det opplese skjøte frå Brochdorf til major Brun på Stranden 1 ½ hud 4 skinn.

Oluf Børgesen betalte i 1665 fyrstebygsel for Strand 1 ½ hud 4 sk. som faren hadde døydd frå. Jordebok 1678 og 1680 nemdne Ole Stranden med 1 hud 10 skinn. Oluf var gift med Eldri Hansdotter, dei skifta i levande live i 1711. Oluf og Eldri hadde 3 barn:

Johannes, neste brukar

Gunder

Else, g.m. Sifer Jørgensen

Johannes Olufsen d.ca.1710 var gift med Ingebor Olufsdotter, dei hade 1 barn:

Aase f.ca.1705

Skoskatten 1711 nemnde Iver Stranden med kvinne.

I 1723 var Erich Olsen brukar og eigar av Stranden 1 hud 10 skinn. Erik var gift med Eli, dei hadde 2 barn:

Rønnoug, neste brukar

Eldri f.ca.1723, g.m. O Jonsen Stranden

Rønnaug var gift med Hans Iversen 1703-1753, ved skifte i 1753 vart Stranden 1 hud 10 skinn taksert til 305 rd. Rønnaug og Hans hadde 6 barn:

Embiør f.ca.1738 f.1818, g.m. Guttorm Erlandsen Moen f.ca.1731 d.1795

Else 1740-1945

Erik f.1744

Erik f.ca.1746 d.ca.1798, neste brukar

Else f.1749

Jon f.1752

I 1769 var det skjøte på nordre Stranden 1 ½ hud 4 skinn frå enkja Rønnoug Eriksdr. Stranden til eldste og odelsberettiga son Erik Hansen for kjøpesum 380 rd. Rønnaug skulle ha føderåd. Erik Hansen lånte i 1781 399 rd. av Iver Fellese med pant i garden sin, panteobligasjonen vart sletta i 1796. Erik f.ca.1746 d.ca.1798 var gift med Kari Syversdotter Viste nig. f.ca.1745 d.1820 dotter til Syver Andersen Viste 1697-1769 og Ragnhild d.y. Viste nordg. f.ca.1720 d.ca.1760. I 1801 hadde Kari føderåd på Strond og budde der saman med sønnene sine. Erik og Kari hadde 3 barn:

Rønnaug f.ca.1771 d.1847, til Strondbakken, hadde med Ole Amundsen sonen Hans f.1802

Hans f.ca.1779 d.1871, til Strandbakken

Syver f.ca.1783

I 1796 var det skjøte på nordre Strand frå Erik Hansen Stranden til Ole Halvorsen Ødegaarden i Skårvangen for 740 rd. Det vart tinglyst føderådskontrakt. Ole Halvorsen hadde lånt 610 rd. av Iver Christensen Fellese med pant i Stranden 1 hud 10 sk. og Ødegaarden 4 skinn, pantet vart sletta i 1800. Ole Halvorsen f.ca.1755 d.1838 vart 1781 gift med Marit Eriksdotter f.ca.1749, i 1801 var dei gardbrukarar i Skårvangen. Ole og Marit hade 3 barn:

Erik f.1782

Halvor f.ca.1786

Torø 1788-1788

I 1800 var det skjøte på nordre Strand 1 hud 10 skinn frå Ole Halvorsen Schaarvangen til Nils Fredriksen Lunde for 1199 rd. Nils lånte 599 rd. av Ole Poulsen Kvarberg med pant i nordre Strand. Nils 1764-1854 var son til Fredrik Guttormsen Lunde 1729-1814 og Synne Nilsdr. 1731-1805. Nils vart 1791 gift med Ingeborg Larsdotter Øy ø. (Haugøy) 1761-1851 dotter til Lars Johannessen Øy f.ca.1717 d.1802 og Aaste Tjøstolvdr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802. Nils og Ymbjør hadde 5 barn:

Aaste 1791-1881, g.m. Halvor Andersen Felleseykkja f.ca.1775 d.1861

Kari f.1794, g.m. enkjemann Ole Hansen Svare f.ca.1785 d.1862. Til Skjedsvoll.

Rønnaug 1797-1824, g.m. Iver Olsen Blessomeie f.ca.1793 d.1863

Anders 1799-1876, neste brukar

Lars f.ca.1802 d.1885, ugift

Strondbakken 5 skinn vart frådelt frå Stranden nördre med skjøte i 1817, etter kontrakt frå 1800.

I 1829 var det skjøte på Stranden frå Nils Fredriksen til sonen Anders Nilsen fot 300 spd. Foreldra fekk tinglyst føderåd same året. Anders vart 1826 gift med Marit Gudbrandsdotter Rusnes 1802-1884 dotter til Gudbrand Knutsen Huden 1770-1821 og Kari Olsdr. Storvik s. 1774-1860. Anders og Marit hadde 6 barn:

Ingeborg 1828-1909

Barbro 1830-1867, g.m. Pål Olsen Kvarberg n. 1813-1901

Nils 1836-1913, neste brukar

Kari f.1840, g.m. Hans Hansen Leirflaten f.1840

Embjørg f.1847, g.m. Hans Arnesen Strondbakken f.1821. Til USA

Gudbrand 1848-1890, seinare brukar

I 1868 var det skjøte frå Anders Nilsen til sonen Nils Andersen for 585 spd. og føderåd. Nils kjøpte same året Strondbakken/Kjørren. Nils var gift med Eldri Ivarsdotter Valde s. 1841-1911 dotter til Ivar Johnsen Valde 1810-1886 og Barbro Knutsdr. Storvik s. 1810-1886. Nils og Eldri overtok Valde i 1873, og i 1880 bytte han Strond mot Sande. Nils og Eldri hadde 6 barn:

Anders 1863-1943, g.m. Mari Ivarsdtr. Lillesæter 1868-1933. Til Aasheim

Ivar 1865-1953, g.m. Mari Steinarsdr. Storvik m. 1869-1944. Til Sande.

Jo 1868-1951, ugift

Ola 1874-1931, g.m. Mari Ivarsdtr. Lillesæter 1879-1968

Barbro 1877-1968, g.m. Sevald Thorsen Sandnes s. 1865-1958

Mari 1881-1971, g.m. Thorstein Olsen Lunn 1877-1956. Til Blessom s.

I 1880 var det skjøte frå Nils Andersen til broren Gudbrand Andersen på Stranden og Strondbakken for kr 8000,-. I 1891 fekk enkja Mari bevilling til å sitja i uskifa bu. Gudbrand 1848-1890 var gift med Mari Torsdotter Viste nig. 1847-1926 dotter til Tor Simensen Viste nig. 1809-1954 og Anne Olsdr. Viste u. 1821-1854. Gudbrand kjøpte Sande i 1874, men bytte med broren i 1880. Gudbrand og Mari hadde 2 barn:

Anders 1878-1954, neste brukar

Anne f.1882

I 1926 var det skjøte frå Mari Thorsdr. til sonen Anders G Strand på Standen gnr. 135 bnr. 1 og bnr. 2 Strondbakken for kr 15000,- inkl. lausøyre kr 2000,- samt føderåd verdsett til kr 2000,-. Anders var gift med Ymbjørg Pålsdotter Brattland 1877-1969 dotter til Pål Olsen Rostad 1848-1924 og Kari Øysteinsdr. Brattland 1854-1935. Anders og Ymbjørg hadde 5 barn:

Gudbrand 1906-1989, g.m. Marit Jakobsdr. Grovdalen 1890-1962

Marit f.1909, g.m. Syver Torsen Ringnesset n. 1906-1975

Rolv 1911-1962, neste brukar
Tor 1913-1973, g.m. Signe Korsnes, Tafjord
Karl f.1917, g.m. Thea Heide. Til Skåbu

I Norske gardsbruk står det at Rolv overtok etter faren i 1932. Dette stemmer med at han tok opp lån i 1933 med pant i Strond, faren som heimelsinnehavar vedtok dette. Skjøte på Strond og Strondbakken frå Anders til Rolv vart skrivi i 1945 med kjøpesum kr 6000,- inkl. lausøyre kr 2500,- samt føderåd verdsett til kr 2500,-. Rolv vart 1938 gift med Rønnaug Syversdotter Amundgård 1905-1993 dotter til Syver Jonsen Amundgård f.1867 og Kari Jonsdr. f.1864.

Rolv og Rønnaug hadde 3 barn:

Ingrid f.1938
Arne f.1947, neste brukar
Kari Synnøve f.1949

Arne overtok etter faren i 1962. Han vart 1970 gift med Aase Torunn Thorvaldsdotter Bakken, Skjåk f.1949 dotter til Thorvald Bakken f.1926 og Anna Løkken f.1926. Arne og Aase har 3 barn:

Rolv f.1970
Anna f.1971
Anders f.1973

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Strandbakken eller Kjørren

gnr. 135 bnr. 2

5 skinn vart frådelt frå Stranden nördre med skjøte i 1817. Men alt da Nils Fredriksen kjøpte Stranden i 1800 gjorde han kontrakt med Hans Eriksen Stranden om hans odelsrett slik at Hans Eriksen skulle ha eit jordstykkje sør for garden til Mee-Strandens skifte. Hans Eriksen Stranden n. f.ca.1779 d.1871 var son til Erik Hansen Stranden n. f.ca.1746 d.ca.1798 og Kari Syversdotter. Også systera Rønnaug 1771-1847 budde truleg på Strondbakken der ho døydde i 1847, ho hadde med Ole Amundsen sonen Hans f.1802 som kom til Bukkesteinen.

Hans Eriksen var gift med Ingebjør Amundsdotter, dei hadde 2 barn:

Erik f.1812
Kari 1817, neste brukar

I 1838 var det skjøte frå Hans Eriksen til Arne Tostensen for 10 spd. Føderåd til Hans Eriksen og Ingebjørg Amundsdr. vart tinglyst 1839. Arne Torsteinsen f.1808 vart 1837 gift med Kari Hansdotter Strondbakken f.1817, dei hadde 3 barn:

Ymbjør f.1838

Hans f.1841, neste brukar

Tosten f.1844

I 1865 var det skjøte frå Arne Tostensen til Hans Arnesen for 300 spd., føderåd til Arne Tostensen og Kari Hansdr. vart tinglyst 1868. Hans vart 1868 gift med Embjørg Andersdotter Strand n. f.1847. Hans kjøpte nørdr Siem før 1875 og budde der, heile familien reiste til USA i 1881. Hans og Embjørg hadde 6 barn:

Anton f.1869

Hans 1870-1872

Hans f.1872

Anders f.1874

Torstein f.1877

Kari Matea f.1880

I 1868 var det skjøte frå Hans Arnesen til svogeren Nils Andersen Strand n. for 515 spd. Nils overtok samtidig Nordpå-Strond og dermed vart dette eitt bruk att.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Mestronde, gnr. 136

Endre Stranden betalte i 1613-1614 holding av 2 huder av fru Gjørvids gods, i åra framover til 1638 også nemnd som 1 hud 1 ½ bpd. fisk som tilsvavar 2 huder. Endre Stranden skatta som husmann i 1613-1614, i 1618-1621 var dette skattlagd som halvgard. Endre overlet 1 hud jord til sonen i 1638-1639, men har nok overteke alt att for i 1640-1641 betalte han holding av 2 huder. Koppskatten 1645 nemnde Endre Stranden og hustru. Både i 1657 og 1662 stod Endre som brukar. Det ser ut til at Endre hadde 2 sønner:

Erik, neste brukar

Jon, seinare brukar

Skattelister 1624 viser at Jon Valde var eigar av 1 hud i Strand og likeeins at Jon Rottem var eigar av 1 hud. Kanskje var dette pant for lån til kongen? Men det er usikkert om dette var på denne Strondgarden. Strand 1 hud 1 ½ bpd. fisk vart nemnd som kanonigods i kongebrev og i Christiania capitels jordebok i 1649, 1652-54, 1657 og 1662. I 1649 gjekk det inn i eit

makeskifte mellom kongen og det kanonigodset Hannibal Sehestad forvalta, slik at hoffskrivaren på Akershus Johan Garman overtok forvaltninga.

I 1638-1639 overlet Endre Eriksen 1 hud jord til sonen Erik Endresen som betalte fyrstebygsel. Erik står også med 1 hud i skatteliste 1647.

Jordebok 1661 viser at Jon Stranden var brukar av 2 huder kanonigods. I 1666 var det skifte etter Jon Endresen d.ca.1666. Jon Stranden stod i 1668 likevel oppført som brukar av Stranden 2 huder som var kyrkjegods. Jon var gift med Bergete Jacobsdotter, i manntalet i 1666 er det enkja som står. I jordbok 1678 og 1680 står enkja som brukar av 2 huder. Jon og Bergete hadde 3 barn:

Endre f.ca.1662, neste brukar
Erik, f.ca.1664
Kari

Skoskatten 1711 nemnde Endre Stranden med kvinne og 6 barn. I 1723 var enkja Ranej brukar, eigar av Stranden 2 huder var Hans Jacob Smith. Endre 1661-1719 var gift med Rannei, dei hadde 6 barn:

Berte f.ca.1699
Jon f.1701 d.ca.1762, neste brukar
Oluf f.ca.1713 d.ca.1757, g.m. Ragnhild Jonsdtr. Rusnes f.ca.1711 d.ca.1738, g.2.m. Kari Jonsdtr. 1730-1773. På Rusnes.
Erik f.ca.1705
Jon f.ca.1707 d.1769, hadde barna Arne 1739-1745,
Jon 1749-1749,
Jon f.1751,
Arne 1756-1790.

Torø f.ca.1709

I 1724 fekk Jon Endresen Stranden bygsel på Stranden 2 huder som faren hadde hatt før og som mora ville overlata til han. Bortbyglaren var Jacob Jacobsen Schmit på vegne av brorsonen Hans Jacob Schmit. I 1728 fekk Jon Endresen skjøte på Stranden 2 huder frå Hans Jacob Smidt for 340 rd. I 1735 vart det tinglyst pantebrev 200 rd. frå Jon Endresen Stranden til Ole søre Sandbu. Jon var gift med Imbjør Iversdotter Fellese f.ca.1706 d.ca.1773 dotter til Iver Christensen Fellese 1665-1727 og Ingeborg Olsdtr. Storvik s. Jon og Imbjør hadde 4 barn:

Endre 1730-1745
Ole 1743-1745
Endre 1746-1775
Rønnaug/Rannei, neste brukar

Båe brørne Jon Endresen f.1701 og Jon Endresen f.1707 er nemnde som Strand og båe kan ha budd på Mestronnd. Dermed er det usikkert om alle barna er rett oppført, men i skifter hadde

Jon f.1701 barna Endre og Rønnaug medan Jon f.1707 hadde barna Jon og Arne. Også neste brukaren heitte Jon (Thoresen), og dei to eldste barna som er ført opp der kan vera feil.

I 1762 var det skifte etter Jon Endresen. Midt-Stranden vart da taksert til 350 rd. Sonen Endre var berre 16 år, men fekk truleg garden. Da mora døydde overdrog han til svogeren.

I 1774 var det skjøte på Midstranden 2 huder frå Endre Jonsen Stranden til svogeren Jon Thoresen Bjørnstad for 500 rd. Endre skulle ha føderåd. Jon f.ca.1726 var son til Tore Syversen Bjørnstad ø. og Kjersti Jonsdtr. Snerle m. Jon lånte 500 rd. av Iver Christensen Fellese med pant i garden, i 1786 vart lånet tinglyst med 700 rd. Jon var gift med Rønnaug/Rannei i hennar andre ekteskap, ho var syster til Endre. Jon og Rønnaug hadde 7 barn:

Jon 1762-1763

Jon f.1764

Tore f.1769

Marif.1772

Iver f.1776

Ragnhild 1778-1779

Marit f.1782

I 1794 var det skjøte på Midt-Stranden frå Jon Toresen Stranden til Iver Christensen Fellese for 800 rd.

Året etter i 1795 var det skjøte på Midt-Stranden 2 huder til Paul Jacobsen Haugen for 599 rd. Poul Jakobsen f.ca.1756 var gift med Marit Jørgensdotter 1762-1847, dei hadde 6 barn:

Jakob f.ca.1788

Jørgen f.ca.1791

Gunnild f.ca.1793

Hans f.1795

Poul f.ca.1797

Anne f.1800

Jørgen Jakobsen f.ca.1722 og kona i andre ekteskap Anne Poulsdtr. f.ca.1732 hadde i 1801 føderåd på Mestrand.

I 1803 var det skjøte på Stranden 2 huder frå Poul Jacobsen Stranden til Gulbrand Jonsen Holen 1764-1805 for 1000 rd. Gulbrand lånte 599 rd. av Guri Iversdtr. Fellese med pant i Stranden, dette vart sletta i 1806. Gulbrand var son til Jon Toresen Holen 1724-1776 og Rønnoug Olsdtr. 1730-1806. Arvingane etter Gulbrand i skifte 1805 var mora Rønnaug Olsdtr. Holen og syskjena Ole Jonsen, Tore Holen, Jon Holen, Anne Holongsøyen, Rannej Glimsdal og Kari Holen.

Etter at Gulbrand Jonsen døydde var det i 1805 auksjon og broren Jon Jonsen Hoel f.ca.1770 d.1831 kjøpte garden for 1312 rd. Jon Jonsen Stranden lånte 700 rd. av Guri Iversdtr. Fellese med pant Stranden. Jon Jonsen lånte i 1826 150 spd. i Norges bank med 2. prioritet etter

obligasjon til Gunhild Iversdtr. Fellese på 350 spd., garden var taksert til 800 spd. Jon Jonsen var gift med Aaste Syversdotter, dei hadde 7 barn:

John 1801-1866, neste brukar
Mari f.1807
Jon 1807-1807
Syver 1809-1857, seinare brukar
Rønnoug f.1804
Barbro
Anne f.1819

Jon Stranden mittre 1801-1866 som hadde fått skjøte på Stranden skreiv i 1840 føderådsbrev til mora Aaste Syversdotter. Jon vart 1832 gift med Kari Gudbrandsdotter Rusnes 1805-1885 dotter til Gudbrand Knutsen Huden 1770-1821 og Kari Olsdtr. Storvik s. 1774-1860. Jon og Kari hadde 5 barn:

Ymbjørg 1833-1838
Syver 1836-1899, neste brukar
Ingebor f.1838
Barbro f.1843
Kari f.1846

Stranden mellem nordre vart frådelt i 1852 (gnr. 135 bnr. 2) med skjøte frå John Johnsen til Ole Gudbrandsen for 560 spd. I 1856 var det odelsløysingsskjøte frå Ole Gulbrandsen til Syver Johnsen 1809-1857. Enkja Marit Amundsdr. f.ca.1818 var føderådskone der i 1865 og budde der med barna.

I 1855 var det skjøte på Stranden mellom søre frå John Johnsen til broren Syver Johnsen 1809-1857 for 600 spd. Som nemnd tok Syver att den andre delen på odel året før. Syver var gift med Marit Amundsdr. Sandbu syg. uppistugu f.1818 dotter til Amund Olsen Aande, Sør-Fron 1766-1851 og Mari Hansdtr. 1779-1860. I 1846 var Syver og Marit leiglendingar på Ulberg og i 1849 gardfolk på nördre Svare. Syver og Marit hadde 3 barn:

John f.1846, til Amerika 1866
Amund f.ca.1849
Syver f.ca.1856

I 1861 var det skjøte på Stranden mellom søre frå Syver Johnsens enkje Marit Amundsdr. til Syver Johnsen d.y. f.1836. I 1865 var Syver d.y. gardbrukar på Stranden midtre og budde der saman med mora og syskjena. I 1875 var han banearbeidar.

I 1865 var det skjøte på Stranden mellem nordre gnr. 136 bnr. 2 frå Syver Johnsens enkje Marit Amundsdr. til Peder Pedersen (Gjedser) for 650 (?) spd. Peder Pedersen, Lom f.ca.1832 var i 1865 gardbrukar og sjølveigar. Peder var gift, men kona var ikkje der i 1865.

I 1866 var det auksjonsskjøte på Stranden mellem søre gnr. 136 bnr. 1 til Erik Gjedser for 510 spd. Men Erik har kanskje overteke før, for i erklæring om sætra fyrst på 1900-talet går det

fram at Erik og Peder brukte kvar sin halvdel av garden og at dei i 1864 leigde karar til hafelling av ei kve. Peder Pedersen skreiv i 1866 ein panteobligasjon til Erik P Gjedsler på 530 spd med pant både i bnr. 1 og 2, det viser at Peder har overteke det som broren Erik kjøpte. Dermed var Mestrand samla att.

I 1875 var Peder Pedersen, Lom f.1831 gardbrukar og sjølveigar på Stranden midtre. Peder var gift med Mari Johannesdotter, Lom f.1831, dotter til Anne Eilevsdtr. f.1790 som i 1875 budde på Stranden. Ved barnefødsler var dei i Lom fram til 1865 og seinare i Vågå. Peder og Mari hadde 5 barn:

Peder f.1858

Johannes f.1861

Ingri f.1865

Anne f.1869

Hans f.1872

I 1900 var sersjant Rolf Fritsvold, Lom f.1854 gardbrukar på Mestrand. Rolf var gift med Gunhild f.1859. Ved barnefødsler var dei i Lom i 1883 og i Vågå frå 1887. I 1887 vart det tinglyst føderådsbrev frå Rolf Torstensen til faren Torsten Rolfsen samt til farbrørne Ellef og Guttorm Rolfsønner. Rolf og Gunhild hadde 7 barn:

Rønnaug f.1883

Torsten 1887-1977, neste brukar

John f.1889

Gunhild f.1891

Lina f.1894

Kari f.1896

Rolf f.1899

I 1919 var det skjøte frå fanejunker Rolf Fritsvold og hustru Gunhild til sonen Torsten på bnr. 1 og 2 for kr 5000,- inkl. lausøyre kr 1000,- samt føderåd verdsett til kr 2000,-. Bnr. 1 og 2 vart samanføyd i 1926. I 1938 vart det tinglyst erklæring om at T. R. Fritsvold hadde grunnboksheimel til Stranden mellom. Torstein var gift med Barbro Ryen 1892-1972, dei hadde 4 barn:

Gunhild 1921-1977, g.m. Per Have, Sør-Fron

Rolv f.1922, neste brukar

Kari f.1925, g.m. Ragnvald Frisvold

Sigrid f.1934, g.m. Tor Bakke

Rolv overtok etter faren i 1948, han vart 1953 gift med Anne Preststulen f.1927 dotter til Ola Preststulen f.1896 og Eldri Nesset f.1897. Rolv og Anne hadde 2 barn:

Bjørg Eldri f.1954, g.m. Rune Hatleli

Torstein f.1955, neste brukar

Torstein overtok i 1983.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Uppå-Strond, gnr. 138

Skattelister 1625 viser at Anders Stranden da vart skattlagt som øydegardsmann. Anders var også øydegardsmann i åra 1610-1614 og 1618-1621

I 1666 var det skifte etter Bergete Andersdtr. Ho var gift med Anders Andersen f.ca.1615. Koppeskatten 1645 nemnde Anders Stranden og hustru. Anders var også brukar i 1668, eigar av Stranden ½ hud var Vågå prestbol, jordebok 1661 viser det same. Anders og Bergete hadde 1 barn:

Peder f.ca.1645, neste brukar

Peder f.ca.1645 ser ut til å ha hatt sonen

Anders, neste brukar

Skoskatten 1711 nemnde Anders Stranden med kvinne og 4 barn. Anders Pedersen var brukar også ved matrikkelen 1723, eigar av Stranden 8 skinn var Vågå prestgard. Anders var gift med Aaste Knutsdotter, dei hadde 4 barn:

Peder, neste brukar

Berit, g.m. Nils Bondesen (?)

Sigri f.ca.1693

Marit f.ca.1697

I 1723 bygsla Andreas Dop og syskjena bort Stranden 8 skinn til Peder Andersen, faren Anders Pedersen hadde før hatt bygselen. Andreas Dop var son til presten Wilhelm som døydde året før. Skifte 1758 viser at Peder Andersen var gift med Marit Larsdotter, dei hadde 2 barn:

Anders

Kari, neste brukar

I 1730 bygsla presten Anders Munch bort Stranden 1 hud til Peder Stranden. Førre presten hadde sjølv brukt denne jorda og kjørt foringa frå der og jorda hadde kome i vanmakt.

I 1758 bygsla presten Johan Storm bort Strand 8 skinn til Hans Guldbrandsen som da tok over etter svigerfaren. Peder Andersen og kona skulle ha føderåd. Hans Guldbrandsen f.ca.1718 var gift med Kari Pedersdotter f.ca.1728, dei hadde sonen

Peder f.ca.1759 d.1834, neste brukar

I 1789 avstod Hans Gulbrandsen Stranden p.g.a. alderdom og skrøpeligheit bygselen av Stranden til sonen Peder Hansen. Hans skulle ha føderåd. Det var presten Reinhardt som bygsla bort Stranden 8 skinn til Peder Hansen. Peder vart 1799 gift med Anne Christensdotter f.ca.1759. Peder vart 1819 gift på nytt med Rannej Iversdotter Vangen 1786-1858 dotter til Ivar Johannessen Vang 1755-1798 og Imbjør Andersdr. Strand ø. f.ca.1757 d.1821.

Rannei Iversdotter fekk kongeleg skjøte på øvre Stranden i 1848 for kjøpesum 500 spd.

Same året 1848 selde Rannei garden til John Pedersen Skjedsvold med skjøte for 750 spd. John Pedersen f.1820 frå nørdrø Skjedsvoll var son til Per Persen Brustugu f.1773 og Kari Olsdr. Skjedsvoll 1782-1863. John var gift med Kari Johnsdotter f.ca.1818, dei hadde 9 barn:

Kari f.ca.1847, neste brukar

Reinei f.ca.1848

Peder f.ca.1851

John 1854-1943, g.m. Anne Pålstr. Sandnes s. 1852-1925. Til Sandnes n.

Anne f.ca.1856

Mari f.ca.1859

Ole f.ca.1861

Thor f.ca.1864

I 1875 var det skjøte på Stranden frå John Pedersen til Gabriel Olsen Mundhjeld for 1000 spd. og føderåd. John Pedersen og hustru Kari Johnsdtr. fekk føderåd. Gabriel var gift med Kari Johnsdotter Strand, dei hadde 1 barn:

John f.1875

I 1889 var det auksjonsskjøte til overrettssakfører Krohg for kr 2000,-. For åra 1890 til 1893 vart garden for eitt og eitt år bortforpakta frå Krohg til Gabriel Mundhjeld.

I 1901 skreiv Anders Rusnes eit skadeslausbrev til J. J. Aars Fabritius med pant kr 6000,- i Strand øvre gnr. 138 bnr. 1, dermed må Anders ha kjøpt Uppå-Strond før dette.

I 1900 var Knut O Dalen forpaktar på Uppå-Strond. Knut f.1868 var gift med Kari J, Lom f.1862, dei hadde 5 barn:

Ragnhild f.1891

Jakob f.1894

Ole f.1896

Torsten f.1898

Knut f.1899

Også foreldra Ole Knutsen Dalen f.1842 og Ragnhild f.1846 budde i 1900 på Uppåstrond saman med barna Hanna f.1886 og Hans f.1889.

I folketeljinga 1910 er det ikkje oppgjeve nokon gardbrukar på Uppå-Strond, kanskje har garden vore drivi saman med Rusnes. Men det budde ein familie der. Tor O Bjølstadløyken f. 1874 var gift med Mari f.1884, dei hadde 1 barn:

Sigri f.1906

Sigurd Nestande kjøpte Uppå-Strond i 1911. Ein bestemmelse i kjøpekontrakt frå 1911 mellom Anders Rusnes som seljar og Sigurd O Nestande som kjøpar vart tinglyst i 1948, dette viser at kjøpet skjedde det året. Sigurd Nestande, Lesja var gift med Elise Einbu, Lesja, dei hadde 1 barn:

Per 1908-1976, neste brukar

I 1937 vart det tinglyst erklæring om at Per Nestande hadde grunnboksheimel til Uppå-Strond. Norske Gardsbruk opplyser at Per overtok i 1936. Per vart 1935 gift med Astrid Brenna, Lom 1908-1984, dei hade 4 barn:

Sigurd f.1936, neste brukar

Björg f.1937

Egil f.1941

Elise f.1944

Sigurd overtok i 1968, han vart 1967 gift med Kari Helene Fleicher, Våler i Hedmark f.1940 dotter til Johan Fleischer, Åsnes f.1907 og Solveig Braskerud f.1910. Sigurd og Kari har 2 barn:

Marit f.1968

Per f.1970

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Rip-Strond – Ripstranden, gnr. 139 bnr. 1

I 1730 var det sak om Ripstrond. Det går fram at tingskrivaren Peder Ribe og sonen hadde budd der. Peder Ribe vart nemnd som tingskrivar frå 1596 til 1603, men levde også i 1615. Peder hadde sonen:

Amund

Skatteliste 1625 viser Amund Stranden, Stranden var da krongods. Amund vart skatta som øygardsmann 1617-1621. Amund betalte holding av ½ hud frå 1613 til 1626. Amund betalte holding att i 1633-34.

Hans Gundersen Fellese betalte i 1630 fyrstebyggsel av øydegarden Stranden som Amund før hadde brukt, men oppgjeve pga. stor fattigdom. Hans Fellese svare holding av Stranden ½ hud frå 1637 til 1675. Hans hadde bl.a. sonen Kristen 1624-1702.

Jordebok 1678 og 1680 viser at da var det Kristen Fellese som brukte Stranden, han overtok Fellese etter faren i 1675. Kristen hadde bl.a. sonen Iver f.ca.1665 d.1727.

Ein Jens Strand var i 1680 vitne i rettssak mellom Lye og Fellese, han brukte da Strand 1 hud. Enkja etter Jens, Goro var vitne i sak i 1701. Det er uklart kva Strondgard dette var.

Iver Kristensen overtok Fellese i 1702 og har truleg også overteke Stranden. Iver hadde bl.a. sønnene

Kristen f.ca.1695 d.1762

Ola f.ca.1698-1775.

Da Kristen Iversen fekk skjøte på Fellese i 1727 var det inkludert 6 skinn meir enn det som var på Fellese, dette må ha vore Ripstrond. Ripstrond var denne tida brukt som underbruk under Fellese.

I 1730 var det sak mellom Ola Ivarsson Viste u. og broren Kristen I Fellese om Ripstrond, truleg har Ola da overteke Ripstrond. Ola Fellese f.ca.1798 d.1775 var gift med Ragnhild Amundsdotter Viste u., dei overtok oppigard Viste i 1741. Ola og Ragnhild hadde 1 barn:

Marit 1745-1833, g.m. Iver Olsen Sandbu ø-s 1731-1802

Marit og Iver hadde 5 døtre og 2 sønner, eldste sonen overtok Viste medan den yngste overtok Ripstrond:

Hans 1784-1873, neste eigar

Hans fekk ved skifte i 1808 Ribstranden 6 skinn til takst 300 rd. Men alt i 1805 var det skjøte på Ripstranden frå Marit Olsdotter til Hans Iversen. Hans var gift med Kari Olsdotter Siem 1799-1855.

I 1832 var det skjøte frå Hans Iversen til Peder Hansen for 500 spd. Dette var truleg brukaren på Uppå-Strond Peder Hansen f.ca.1759 d.1834, son til Hans Gulbrandsen f.ca.1718 og Kari Pedersdotter Stand ø. f.ca.1728. Peder vart 1799 gift med Anne Christensdotter f.ca.1759. Peder vart 1819 gift på nytt med Rannej Iversdotter Vangen 1786-1858 dotter til Ivar Johannessen Vang 1755-1798 og Imbjør Andersdtr. Strand ø. f.ca.1757 d.1821. Rannei Iversdotter fekk kongeleg skjøte på øvre Stranden i 1848, men selde den garden same året. Det ser ut til at ho har halde att Ripstrond i ytterlegare 10 år.

I 1855 vart det tinglyst føderåd frå Rannej Iversdtr. til Rasmus Olsen f.ca.1793 d.etter 1875.

I 1858 var det skjøte til Ole Gulbrandsen. Rannej Iversdtr. fekk samtidig tinglyst føderåd frå Ole Gulbrandsen.

I 1864 vart det tinglyst skjøte frå Ole Gulbrandsen til Eilef Hansen for 920 spd. Men Eilef har nok overteke før, for det var han som i 1862 skreiv ut ein panteobligasjon. I 1878 skreiv Ellef Hansen ut eit pantebrev til Hypotekbanken på kr 2000,-. Ellef Hansen, Lom f.ca.1817 d.1899 var gift med Live Olsdotter, Lom f.ca.1814 d.1877, dei hadde 3 barn:

Hans f.ca.1843

Ole f.ca.1852

Rønnaug f.1857, neste brukar

I 1886 vart Ripstrand seld på tvangsauksjon og i 1887 fekk sersjant Sylv. Schau auksjonsskjøte for kr 2800,-.

I 1891 var det odelsløysingsskjøte på Ripstranden frå Sylvester Schaug til Rønnaug Ellefsdotter Ripstranden for kr 4300,-. I 1900 var garden bortforpakta, medan ho i 1910 sjølv var gardbrukar. Rønnaug hadde 1 barn:

Laurits f.1888

I 1900 var John Chr. Sandviken, Lom forpaktar på Ripstrond. John f.1870 var gift med Kari S, Lom f.1875, dei hade 4 barn:

Brit f.1894

Sølfest f.1895

Klara f.1898

Kari f.1900

I 1915 var det skjøte frå Rønnaug Ripstrand til Ole R Brun for kr 7800,- samt føderåd verdsett til kr 400,-. Ola 1888-1969 frå Øygardsneset var son til Rasmus Brun og Ymbjør Ødegaard. Ola vart 1914 gift med Mari Aasheim 1889-1977, dei hadde 2 barn:

Ymbjør f.1915

Asbjørn f.1920, neste brukar

Blankenborg gnr. 139 bnr. 2 vart frådelt frå Ripstrond i 1916 med skjøte til Ole J Blankenborg for kr 1300,-.

I 1931 var det skjøte frå Rønnaug Ripstrand til pleiedottera Marie Ripstrand f.1900 på hus på tomt under denne eigedommen. Frådeling av dette, **Borg** gnr. 139 bnr. 4 skjedde i 1945.

Asbjørn overtok i 1970. Han vart 1950 gift med Randi Brun, Lillehammer 1929-1991 dotter til Bjarne Brun, Vågå og Janna Nyfløt, Ringeby. Asbjørn og Randi hadde 1 barn:

Berit Jeanne f.1953, neste brukar

Berit overtok Ripstrond i 1990.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Rusnes gnr. 137

Jordebok ca. 1576 førde opp at Rosnes 1 hud var av dei gardane som låg under prestbolet og vart brukt under dette og derfor ikkje hadde svara landskyld.

Skatteliste 1621 viser Torkild Rudznes og Rusnes vart da skattlagt som øygard. I 1647 var Torkild brukar av Rusnes 2 huder. Skatteliste 1653 viser at Torchell Rusnes var brukar av 2 huder og fogden i Orkdal eigde 1 hud med bygsel. I 1674 vart det opplyst at godset skulle vera lagt til fattige skulebarn i Trondheim. Manntalet 1670 viser at brukar var Torkel Erlandsøn f.ca.1596, han hadde fostersonen

Ole Simensøn f.ca.1650

Torkild var også brukar av nørdeste Råstad frå ca.1644 til ca.1661. Jordebok 1661 viser Torkjell som brukar av Rusnes, 1 ½ hud låg til Tronheims gard med bygsel over 1 ½ hud bondegods, i tillegg var det ½ hud på sætra. I 1668 var det sonen Iver som var brukar på Råstad, da var Torkjel brukar av Rusnes 3 huder. Eigarar var Trondhjems gard 1 ½ hud med bygsel og Jens Leene 1 ½ hud, Jens var truleg frå Fellese. Torkild hadde 2 barn:

Iver f.1625 d.ca.1691, g.m. Brynhild Eiriksdtr. d.1715, på Råstad nørste

Anne d.ca.1675, g.m. Ola Klones

I 1688 var det skifte etter Anne Olufsdotter, ho var gift med Erland Hansen og dei hadde ½ hud jordgods i Rusnes som han hadde kjøpt for 24 rd. Erland og kona hadde 4 barn:

Hans

Eldri

Ingbjør

Gunnild

Ole Simensen f.ca.1650 var kanskje gift med Kari Pedersdotter, dei hadde 1 barn:

Anne 1678-1732, g.m. Pål Hansen Tolstad 1652-1739

Skifte 1710 viser Lauridz Olufsen. Han var gift med Kari Pedersdotter som tidlegare var gift med Oluf. Lauridz og Kari hadde 5 barn:

Anne

Ingebor

Ellie, neste brukar

Kari

Marit

Matrikelutkastet 1723 viser at Trondheims skole eigde 1 ½ hud medan oppsitjaren Jon Guldbrandsen eigde ½ hud. Takst etter gammal skyld var 3 ½ hud (inkl. sæterlykkje ½ hud).

Både Lauridz og Jon vart også nemnd i skoskatten 1711. Jon var gift med Elli Lauridzdotter Rusnes, dei hadde 10 barn:

Ragnild f.ca.1711 d.ca.1738, neste brukar
Kari f.ca.1713
Mari f.ca.1715
Anne f.ca.1717
Berit f.ca. 1719
Embjørg f.ca.1721
Lars f.ca.1723, brukar frå 1759
Else f.ca.1725
Rønnoug f.ca.1727
Elli f.ca.1731

Ragnild f.ca.1711 d.ca.1738 var gift med Ole Endresen Stranden. Ole frå Mestronnd f.ca.1713 d.ca.1757 var son til Endre Jonsen Stranden m. 1661-1719 og Rannei. Ole fekk i 1733 skjøte frå svigerfaren Jon Gulbrandsen på sæter og englykkje kalla Rusnes ½ hud for 150 rd. Året etter i 1734 fekk Ole Endresen auksjonsskjøte på Rusnes 1 hud 6 skinn med bygsel over 3 huder frå den Trondhjemske latinske skole for 101 rd. I 1738 var det skjøte på Rusnes 1 ½ hud frå Jon Gulbrandsen Rusnes til Ole Endresen Rusnes for 120 rd. Ole og Ragnild hadde 1 barn:

Ellen f.ca.1737

I 1745 var det skifte etter Steinar Tostensen som da var daud, han var eigar av jordgods i Rusnes 2 huder 6 skinn som vart taksert til 300 rd. Steinar hadde 1 barn:

Aagoth f.ca.1732

Ole Endresen vart 1755 gift på nytt med Kari Jonsdotter (Fellese?) 1730-1773. I 1757 var det skifte etter Ole Endresen som da var daud og dei eigde da 3 huder 6 skinn jordgods i Rusnes taksert til 500 rd. Ole og Kari hadde 2 barn:

Thorø

Ranney, g.m. Christen Hansen Storvik f.ca.1750

Kari Jonsdotter vart 1758 gift på nytt med Tord Olsen Håmår nistugu f.1724 son til Ole Tordsen Hammer f.ca.1692 d.1777 og Marit Paulsdtr. d.1737. Thor overtok Håmår truleg ved skifte i 1759, Thor og Kari hadde 4 barn:

Mari f.1761

Jon f.1764

Marit f.1766

Poul f.1769

I 1759 var det skjøte på Rusnes 3 huder frå Thord Olsen Rusnes til Lars Jonsen Rusnes for 500 rd. Thord og mora og kona skulle ha føderåd, og Thord og kona og arvingane hennar skulle ha forkjøpsrett. Det var skifte etter Lars Jonsen i 1786, han var gift med Ragnild Jonsdotter d.ca.1801 og dei hadde 1 barn:

Elie, neste brukar

Elie var gift med Ole Rasmussen Visdal u. f.1750 son til Rasmus Nilsen Visdal og Imbjør Pedersdotter. Ole fekk i 1785 skjøte på Rusnes 3 huder frå svigerfaren Lars Jonsen for 800 rd. Samtidig kjøpte Ole englykkje under Rusnes ½ hud frå Hans Gulbrandsen Snerle for 81 rd. Lars og kona fekk føderåd. I 1786 var det skifte etter Elie Larsdotter som da var daud og dei eigde 3 ½ hud jordgods i Rusnes taksert til 650 rd. Ole og Elie hadde 2 barn:

Eldri/Eli f.ca.1780

Imbiør f.ca.1783

Ole Rasmussen vart gift på nytt med Aase Hansdotter 1755-1833. Ole Rusnes selde garden i 1796 og Ole og hustru fekk føderåd der han bl.a. skulle ha ei englykkje «gammelplassenløkken» der han kan byggje nye hus.

I 1796 var det skjøte på Rusnes 3 huder frå Ole Rasmussen Rusnæs til Anders Halvorsen Fillingsøløken for 1099 rd. Anders 1747-1814 var son til Halvor Andersen Felleseøløken f.ca.1712 d.1773 og Thorø Thoresdtr. Anders var husmann i Felleseøløken frå 1776, og var også der etter at han hadde vore på Rusnes. Anders var gift med Gunhild Christoffersdotter f.ca.1751 d.1827, dei hadde 3 barn:

Torø f.ca.1779

Gunhild f.ca.1780

Halvor f.ca.1785 d.1861, g.m. Aaste Nilsdtr. Strond n. 1791-1881. I Felleseøløken.

Gulbrand Knutsen kjøpte Rusnes i 1802 av Anders Halvorsen Rusnes for 999 rd. Gulbrand Knutsen Huden 1770-1821 var son til Knut Gudbrandsen Huden 1721-1804 og Aagot Olsdtr. 1729-1774. Gulbrand vart 1795 gift med Kari Olsdotter Storvik s. 1774-1860 dotter til Ola Olsen Storvik 1736-1827 og Barbro Larsdtr. Valbjør 1744-1824. Gulbrand Knutsen vart nemnd som gardmann på sygard Kleppe i 1801, kanskje var han forpaktar eller gardsbestyrar. Også i 1798 var familien på Kleppe. Ved skifte etter Gulbrand i 1820 var bruttoeiga 1332 spd, jordgodset i Rusnes var 6 huder 6 skinn. Gulbrand og Kari hadde 7 barn:

Imbiør 1795-1818, ugift, hadde med Syver Klones 1788-1878 2 barn: Anne 1818-1820,
Mari 1818-1819

Barbro 1798-1887, g.m. Imbert Jonsen Brattland 1798-1876, til Svelstad i Hellreo

Marit 1802-1884, g.m. Anders Nilsen Strand n. 1799-1876

Knut 1805-1866, neste brukar

Kari f.ca.1808 d.1885, g.m. John Johnsen Strand midtre nordre 1800-1866

Ole 1812-1876, g.m. Anne Johnsdtr. Valde s. 1819-1899. Til Aasegardshaugen

Barbro 1816-1818

Knut Gudbrandsen overtok i 1835 Rusnes 3 huder 6 skinn med skjøte frå mora Kari Olsdotter for 600 spd. Knut vart 1831 gift med Kari Jonsdtr. Mo 1797-1845 dotter til Jon Johannessen Mo 1742-1816 og Gyda Rolvsdtr. Einarsvoll 1755-1844. Knut og Kari hadde 4 barn:

Barbro 1832-1917, seinare brukar

Ragnhild 1833-1836

Ole 1835-1888, neste brukar

John f.1839, til Moorehead i Minnesota. Gift og 9 barn.

Knut Gudbrandsen vart seinare sambuar med Torø Jonsdotter Brattland 1808-1877 dotter til Jon Olsen Brattland 1772-1846 og Rønnaug Olsdr. f.1773. Knut og Torø hadde 2 barn:

Gudbrand f.1850, til USA 1871

Ole f.1851, til USA

Ole Knutsen 1835-1888 vart 1868 gift med Anne Larsdotter Øy, Lom 1845-1917 dotter til Lars Nilsen Øy 1823-1846 og Else Johannesdtr. I 1875 budde familien på Uleberg, Ole var inderst og kjørar. Ole og Anne hadde 8 barn:

Kari f.1869, truleg ugift, til USA

Else 1871-1916, g.m. Theodor Thompsen 1869-1857

John 1873-1916, til USA

Lewis 1876-1936

Marie 1878-1909, g.m. Charles Erichson

Rose 1880-1939, g.m. Charles Erichson som hans andre kone

Ida f.1880

Emma 1886-1919, g.m. Frank Walter

Før ekteskapet hadde Ole med Kari Iversdotter Storvik 1837-1897 1 barn:

Mari 1864-1902, g.m. Øystein Eriksen Kvarberg u. 1849-1924

Barbro Knutsdotter 1832-1917 vart 1861 gift med Anders Iversen Stokstad 1836-1917 son til Ivar Andersen Sve 1802-1880 og Kari Amundsdr. Sandbu, Fron 1802-1886. Barbro overtok etter broren Ole. I 1871 kjøpte Anders garden Uleberg som han selde i 1873. Anders og Barbro hadde 8 barn:

Kari 1861-1873

Iver 1862-1940, neste brukar

Knut f.1865, d.før 1940. Til USA, 3 barn

Mari 1867-1953, g.m. Pål Olsen Helle 1866-1948

Kari 1870-1947, ugift

Jon 1872-1874

Jon 1874-1875

Ragnhild 1876-1877

I 1893 var det skjøte på Rusnes gnr. 137 bnr. 1 frå Anders Iversen til Iver Andersen for kr 6000,-. Ivar Andersen var gift med Guri Pålsdotter Mo 1858-1924 dotter til Pål Johannessen Mo 1824-1903 og Kari Pålsdr. Tolstad 1828-1900. Ivar og Guri hade 2 barn:

Barbro 1899-1969

Kari 1900-1990

I 1934 var det auksjonsskjøte på Rusnes til Barbro Rusnes for kr 17500,-.

Norstad gnr. 137 bnr. 2 vart frådelt frå Rusnes i 1938, dette er eigedommen der Barbro og Kari Rusnes budde. Det var i denne tida at garden vart seld til Jakob Gundersen. Jakob Gundersen var gift med Mari Myrum.

I 1940 vart Rusnes gnr. 137 bnr. 1 seld frå Jakob Gundersen med samtykke av Barbro Rusnes til Alfred Andersen-Gott med skjøte i 1941 for kr 19714,- samt lausøyre kr 3786,-. Alfred Andersen-Gott, Oslo 1905-1991 var son til Frederick Augustus Andersen-Gott 1881-1954 og Hedvig Josephine Steenrud 1875-1906. Alfred vart 1940 gift med Borghild Kleiven f.1921 dotter til Ole P Kleiven og Hanna Storviksæter. Alfred og Borghild hadde 4 barn:

Leif f.1940, neste brukar

Jan f.1941, g.m. Marit Haukland

Hedvig f.1944, g.m. Jan Eilert Jaarun

Brit f.1952, g.m. Svein Nilsen

Leif overtok etter foreldra i 1975. Han vart 1969 gift med Lene Kristin Thorbjørnsen, Oslo f.1945 dotter til Thorbjørn Thorbjørnsen f.1914 og Harriet Solberg f.1916. Leif og Lene hadde 3 barn:

Inga f.1970

Guri f.1972

Ola f.1975, neste eigar

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slekten på Sygard Storvik med Rusnes

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.